

Lindås kommune  
Byggjesak og landbruk  
Rådhuset  
5914 Isdalstø

|                |              |
|----------------|--------------|
| LINDÅS KOMMUNE |              |
| Klassering     |              |
| - 7. 02. 2017  |              |
| Ark. saksnr    | Løpenr       |
| Saksnr         | Tilgangskode |

Totland 01.02.17

**Søknad om dispensasjon frå LNF område i kommuneplan med hovedvekt på omsynssone landbruk, frå å dela frå det nye våningshuset på gnr. 237, bnr. 1, Totland.**

Då vi no vurderer å skøyta landbrukseigedomen vår over til eit av borna våre ønskjer vi samstundes å dela frå det nye våningshuset med sjøiveigande grunn rundt. Omsøkte deling er også i tråd med ynskje frå borna våre.

Status på landbrukseigedomen:

På landbrukseigedomen er det i dag 2 våningshus som er i dagleg bruk som bustader. Det ellste var oppført i 1850/-60 åra og det andre vart oppført i 1984.

I tillegg til dei to våningshusa er det ein eldre driftsbygning på bruket som er i middels bra stand. Slik drifta på landbrukseigedomen er i dag vert det dyrka arealet hausta og vedlikehalde av Øyvind Eidsheim, eigar av bruk 3 på Totland.

Etter jordregisteret for kommunen så har landbrukseigedomen eit totalt areal på 499,2 daa som er fordelt på 17,8 daa fulldyrka mark, 14,2 daa overflatedyrka mark og 68 daa gjødsla beite. Resten er for det meste skogsareal.

Garden eignar seg godt til produksjon for sau og storfe.

Grunngjeving for frådelling av det nye våningshuset:

Sjølv om det for garden Totland i kommuneplanen er lagt spesiell vekt på omsynssone landbruk er omsøkte areal rundt våningshuset bratt og kupert og består for det ein stor del av mager og skrinn jord.

Aronderingsmessig vil frådelinga etter vårt syn ikkje vera til hinder for landbruksdrifta. Omsøkte tomt som er på ca. 2 daa vil i vest grense til

I sør grensa gå mot det gamle våningshuset sin hage, om lag midt mellom dei 2 husa.

I rundskriv M-4/2003 peikar departementet på at omlegginga sm har vore i landruket med auka mekanisering og større driftseiningar, så er ikkje trongen for hus nr. 2 på kvart bruk så stort som det ein gong var.

Med grunnlag i rundskrivet og våningshuset si plassering meiner vi at omsøkte deling korkje vil aronderingsmessig eller vurdert ut frå andre ulemper, ikkje vil føra til drifts- eller miljømessige ulemper for landbrukseigedomen eller Totlandsgrenda for øvrig.

Dersom omsøkte deling vert gjennomført vil ei tilflytting av yngre krefter føra til ei positiv styrkinga av busetnaden i område, noko vi meiner er avgjerande for at bygda skal overleva.

Med venleg helsing

  
Irene Bjørge Berg

  
Andreas Berg

Adr. Totland 75, 5993 Ostereidet